

## **Høyring om Innstilling fra arbeidsgruppen for 5. studieår på revidert studieordning m.m. – innspel frå delar av forvaltningsrettsmiljøet**

Innstillinga vart drøfta på eit Zoom-møte 19. april 2021 der alle medlemmene i forskargruppa for forvaltningsrett var invitert til å delta. Følgjande personar deltok : Anneken Kari Sperr, Ingunn Myklebust, Jan Fridthjof Bernt, Roald Hopsnes, Sigrid Eskeland Schütz og Bjørn Henning Østenstad.

### Overordna kommentar

Å heve kvaliteten på den undervisninga vi tilbyr studentane på femte studieår framstår som svært viktig. Innstillinga er godt eigna til å nå denne målsetjinga. Vi vil gje honnør til arbeidsgruppa for eit godt og grundig arbeid som vi i hovudsak sluttar oss til.

### JUS399 Masteroppgave.

Det blir gjort framlegg om ei samanslåing av dagens faggrupper til åtte spesialiserte linjer, ei av desse «forvaltningsrett». Parallelt skal det etablerast ein obligatorisk opplæringsdel som skal leggje til rette for djupare forståing og refleksjon, og det blir sett felles karakter for masteroppgåve og opplæringsdel.

Vi vurderer at framlegget både vil verke samlande og styrkjande for fagmiljøet og er eigna til å heve kvaliteten på undervisningstilbodet.

Ei forvaltningsrettslinje vil dekkje ei stor tematisk breidd. Dette aktualiserer også spørsmålet om samarbeid med andre linjer for å dekkje inn enkelte perspektiv, til dømes for studentar som skriv barnerett vinkla mot personrettslege problemstillingar. Sjølv om skiljet mellom haust- og vårlinjer kan skape utfordringar her, trur vi dette let seg løyse når gjennomføringa skal planleggjast meir i detalj.

Vi ser positivt på at opplæringsdelen i hovudsak skal vere linjespesifikk og støttar arbeidsgruppa si vurdering om at det er tenleg med fleire emneansvarlege for kvar linje. For å få mest mogeleg ut av undervisningsressursane, ser vi føre oss noko gjenbruk av videoførelesingar kvart år.

Vi er samde i at opprustinga av JUS399 bør prioriterast i tilfelle ikkje heile reformen kan iverksetjast samstundes ut frå ressursituasjonen ved fakultetet.

### Nye fordjupingsemne

Det blir gjort framlegg om eit avgrensa tal fordjupingsemne, kvart på 20 studiepoeng, som får styrkte ressursrammer og som ideelt er knytt til masterlinjene.

Også her meiner vi at framlegget både vil verke samlande og styrkjande for fagmiljøet og er eigna til å heve kvaliteten på undervisningstilbodet.

Kva fordjupingsemne som kan vere aktuelle med utspring frå forvaltningsmiljøet og knytt til forvaltningsrettslinja, vil det openbert bli høve til å kome attende til seinare. Ein merknad allereie no er likevel at forvaltningsrettslinja har ei slik fagleg breidde at det kan bli spørsmål om å ha tilknytt meir enn eitt fordjupingsemne.

23.04.2021

Bjørn Henning Østenstad

Anneken Kari Sperr

Ingunn Elise Myklebust

Jan Fridthjof Bernt

Roald Hopsnes

Sigrid Eskeland Schütz